



TINN KOMMUNE

Rådmann

Til: Marte Berdahl, Notodden kommune
Bjørn Bjørnsen, Tinn kommune
Arne Kjellsen, Fylkesmannen i Telemark
Ingrid Strande, Telemark fylkeskommune
Jon Tvitekkja, Vinje kommune

MØTEINNKALLING

Deres ref: Vår ref: Saksbeh: Arkivkode: Dato:
2011/444-1 Liv Rigmor Flå, tlf. 350 82 527 26.01.2011

| | | | |
|----------|---|-----------|---|
| Gjeld: | Møte i arbeidsgruppa i Aust-Telemark vassområde 04.02.2011 | | |
| Møtetid: | kl 10.00 – 13.30 | Møtestad: | Sentrumsbygget i Notodden kommune, Formannskapssalen |

Som tidlegare avtala blir det møte i arbeidsgruppa i Aust-Telemark vassområde på Notodden fredag 4. februar.

Saksliste:

1. Karakterisering av vassførekomstane

Fylkesmannen har ansvar for karakteriseringa av alle vassførekomstane. A. Kjellsen vil informere om kva karakteriseringsarbeidet omfattar, om opplegget for arbeidet og kva ein ønskjer at kommunane skal bidra med. I karakteriseringsjobben vil det bli viktig å få fram synspunkt og lokal kjennskap om moglege påverknader av vassførekomstane. Karakteriseringa skal vera ferdigstilt innan 2011.

2. Høyring av planprogram

Vassregionmyndigheita (VRM) i Vest-Viken har sendt forslag til planprogram ut på høyring, med høyringsfrist 31.05.11. I Tinn kommune er det laga ei sak til samfunnsutvalet for handsaming av høyringsforslaget. Bør høyringa handsamast breiare, t.d. gjennom informasjon om prosessen til lag, foreiningar og organisasjonar? Korleis blir høyringsforslaget handsama i Notodden og i Vinje? VRM har bedd om eit samordna høyringssvar frå kvart vassområde. Når styringsgruppa er konstituert, bør derfor styringsgruppa samordne høyringssvara frå kommunane og evt andre.

3. Sikre lokalt engasjement og lokal kunnskap i vassforvaltninga

Korleis bør vi best ivareta og dra nytte av lokalt engasjement og lokal kunnskap? I prosjektplanen for Aust-Telemark vassområde er det lista opp diverse lag m.m. som bør vera representert i ei referansegruppe. Det er fint om kommunekontaktane har forslag til kva lag, foreiningar, organisasjonar, enkeltpersonar som bør vera representert i referansegruppa frå deira kommune.

4. Utarbeiding av ein førebels oversikt over "Vesentlege spørsmål"

Vassområdet skal gje innspel til VRM om vesentlege vassforvaltningsspørsmål i vassområdet, deretter skal VRM handsame innspela frå alle vassområda og sende "Vesentlege spørsmål" frå vassregionen samla ut på høyring innan utgangen av 2011. Vi prøvar å koma i gang alt på dette møtet med å utarbeide ein oversikt over kva som er vesentlege vassforvaltningsspørsmål i Aust-Telemark VO.

5. Eventuelt

Formannskapssalen ligg i 3. etasje i sentrumsbygget, 1. dør til venstre når du kjem ut frå trappeoppgangen. Det vil bli servert ein enkel lunsj. Vel møtt!

—

Med helsing

Liv Rigmor Flå
prosjektleder